

Julehelsing frå Hordaland sogelag 2016

Hordaland sogelag

(<http://www.hordalandsogelag.no/>)

Julehelsing til laga desember 2016

Det går mot slutten av 2016. Tida er inne for ei takk til lokallaga for innsatsen gjennom året.

Dette året vart det skipa til Årsmøte og lokalhistoriske dagar i Kvam med Kvam soge- og kulturminnelag som vertskap. Eit innhaldsrikt og triveleg møte.

Turopplegget dette året gjekk i vasken – bokstaveleg talt. Flaum i Jorviksenteret, York, gjorde sitt til at senteret ikkje vert opna att før i 2017.

Kurset i Word Press som var planlagt halde 27. oktober, i Bergen, fekk for få påmelde og måtte avlysast.

Kurs i treskolaging har vorte vidareført og Hordaland sogelag vil takka Helge Hisdal, Samnanger historielag, for framifrå arbeid med å formidla handverket og tradisjonar til både gamle og unge kring i fylket.

Hordaland sogelag, saman med Rogaland historielag, stod attom eit seminar om husmannsvesenet som vart arrangert i tilknytning til arrangementet som Landslaget for Lokalhistorie skipa til i Bergen 4.-6. nov. d.å. Seminaret om husmannsvesenet var eit dagseminar 4. nov., med 7 framifrå føredrag.

Hordaland sogelag samla i 2016 sokeskrift frå medlemslaga og presenterte ein produksjon på om lag 2500 sider lokalhistorie for Kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) tysdag 10. mai 2016 på Fylkeshuset. Dette var ein lekk i arbeider for å få til ei sekretariatsordning for Hordaland sogelag. Dette vart følgt opp med ein søknad om kr 150.000 til dette føremålet. Søknaden vart avslegen.

Av dei ting me ikkje lukkast med dette året var å få på plass eit manus knytt til lokalhistorisk oversyn over artiklar om fiske og fangst. Materialet er stort sett samla, men det ligg ein del arbeid i redigering etc.

Litt om planar for 2017.

Årsmøte og lokalhistoriske dagar vert i 2017 halde på Os, med Os sogelag som vertskap. Påmelding og program vert kunngjort tidleg på nyåret. Eg legg ved vedtektene for Hordaland sogelag og der er det teke med retningsliner for årsmøtesaker som skal førehavast.

Eg vil særleg minna om val av utsendingar til landsmøtet for Landslaget for lokalhistorie (LLH). Møtet vert halde i Gjøvik 5.-6. mai. Hordaland sogelag har høve til å senda 9 representantar med røysterett, og styret i Hordaland sogelag vil innstilla på å løyva kr 1.500 til kvar av utsendingane, men dette skal årsmøtet ta stilling til. Men truleg fell noko av utlegga på lokallaga.

Så vil eg minna om at turen i 2017 går til Normandie – for meir informasjon sjå heimesidene til Hordaland sogelag.

Elles er me takksame for innspel til aktivitet av ulikt slag.

Då ønskjer eg God Jul og eit Godt Nytt år til alle!

Helsing

Mikal Heldal